



Vegdirektoratet  
Postboks 6706 Etterstad  
0609 Oslo

Dato: 03.09.2018  
Vår ref.: 2017/15541-14  
Saksbehandlar: ingskei  
Dykkar ref.:

## Omlegging av takst- og rabattsystemet for Vossapakken - lånegaranti

Fylkesutvalet i Hordaland handsama den 26.10.2017, sak 254/17, Omlegging til nytt takst- og rabattsystem for bompengeprojekt i Hordaland.

Punkta 1 og 8 i vedtaket lyder slik:

- 1. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, inklusive eit passeringstak på 30 passeringar, for Hardangerbrua og Vossapakken.*
- 8. Bompengeselskapa for bompengeprojekta i Hordaland som er omfatta av «Tilskottsordninga for reduserte bompengetakstar for riksvegar utanfor storbyområda», har søkt om tilskott til reduserte bompengetakstar. Det er eit vilkår for ordninga at bompengeprojekta vert lagt til eit av dei regionale bompengeselskapa. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at selskapa Voss- og omland Bompengeselskap AS, Bergen-Os Bompengeselskap AS og Hardangerbrua AS vert innfusjonerte i Sørvest Bomvegselskap AS, så snart det formelt og praktisk let seg gjera.*

I saka går det klart fram at eit vilkår for å bli omfatta av tilskottsordninga for reduserte bompengetakstar er at gjennomsnittstakstane vert redusert med minimum 10 %. Punkt 8 i vedtaket inneber at fylkesutvalet har slutta seg til at Vossapakken søker om å bli omfatta av denne tilskottsordninga.

Fylkesrådmannen stadfestar at Hordaland fylkeskommune som lånegarantist godkjenner at takstane vert sett ned med 10 % mot at prosjektet mottar tilskot.

I sak 53/2018 har fylkestinget godkjent at garantien som er gitt for Vossapakken vert overført til det regionale bompengeselskapet Ferde AS.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
konst. fylkesrådmann

Ingvar Skeie  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*